

Interrimsstyret i Vener av Balestrand  
v/ Svein Arne Skuggen Hoff

## Gjennomføring av VA-prosjekt i Villavegen

Viser til dykkar brev vedk. gjennomføring av anleggsarbeid i Villavegen. Fekk oppgåva å svare ut dette på vegner av ordføraren.

Arbeida går no inn i ein avsluttande fase. Kommunen har ein kontrakt med entreprenør som har avsett og planlagt personell og materiell til å ha løpande framdrift i prosjektet etter avtalt framdriftsplan. Det er ikkje mogeleg å stoppe opp desse arbeida utan at det får store økonomiske konsekvensar for kommunen. Prosjektet kan og vil difor ikkje bli stoppa opp slik de ber om.

Prosjektet vert gjennomført på bakgrunn av planar som er lagt til grunn for anbod og kontrakt. Som hovudregel må utforming av prosjektet skje på planstadiet, medan det berre vert mindre endringa og tilpassingar i anleggsperioden. Dette heng også saman med at endringar under anleggsperioden i stor grad vil føre til tilleggskostnader som vil presse den økonomiske ramma avsett til prosjektet.

Kommunen vektla difor ein prosess med fleire involverte i forkant av utlysing av anbod. Her var med både grunneigarar, representantar frå innbyggjarar, fagpersonar frå kommune, fylkeskommune samt landskapsarkitekt frå Norconsult AS som samordna det ein kom fram til i ein landskapsplan. Denne planen vart lagt til grunn for anbod og er grunnlaget for arbeid som entreprenør skal gjennomføre etter sin kontrakt.

Når entreprenør er kontrahert og prosjektet vert gjennomført, vil arbeida her ta utgangspunkt og følge denne planen. Det vil på dette tidspunktet i prosjektet ikkje vere større prosessar med opning for individuelle nye løysingar, men opning for detaljering av løysingar og mindre tilpassingar og om det vert avdekka trong for det. Det har vore lagt opp til dialog med den einskilde grunneigar etter kvart som anleggsarbeida har flytta seg langs vegen, både om utforming av anlegget mot deira eigedom og korleis den einskilde eigedom kan knyte seg til det nye VA-anlegget.

Som kommune ynskjer vi å få til ein god dialog – fortrinnsvis komme fram til løysingar alle er nøgde med, eller på ein god måte kan grunngje dei løysingar som vert valde om dei ikkje er heilt i samsvar med ynskje frå bebuarar eller andre som har ei interesse i saka. At vi etter dykkar syn ikkje har vore gode nok i denne dialogen tek vi med oss når vi no går inn i avslutting av dette prosjektet - og også for nye prosjekt.

Når det gjeld gatelys var det ikkje teken inn i landskapsplanen. Ein var her oppteken av å rydde opp i gamle stolpar og leidningar som hang på kryss og tvers ved å få desse i kabelgrøfter. Dette er gjort og vil betre det visuelle uttrykket mykje. Gatelysa har alltid vore normale gatelys på denne vegstrekninga. Dette vart ikkje problematisert i planfasen, og det vart difor prosjektert nye ordinære gatelys som skal vere like dei nye gatelysa som er i resten Villavegen og Kong Beles veg. Med dette vert gatelysa av same type heilt frå sentrum til krysset ved Fv. 55 ved Skåsheimselva.

Gatelys må gje ei jamn lyssetting av vegen. Vel ein låge master på denne delen av vegen må ein ha langt fleire lyspunkt for å tilfredstille desse krava. Dette gjev i seg sjølv ein høgare kostnad. I tillegg er gatelys no førebudd med avstand til normale gatelys med ledningsoppstikk frå kabelgrøft,

fundamentplassering samt at gatelysa er kjøpt inn. Endring av dette vil gje mykje ekstraarbeid og ekstra kostnader.

Det er ut i frå dette samla vurdert at vald løysing er akseptabel då vegen trass alt framleis er ein ordinær køyreveg, og at vi får eit samanhengande anlegg av gatelys langs heile vegstrekninga dette anlegget er ein del av. Kommunen vil ut i frå dette halde på den planlagde og igangsette arbeida med lyssetting av vegen. Vi vil takke for dykkar innspel og søke å avslutte prosjektet på ein god måte, men vil samstundes be om forståing for at vi ikkje kan stoppe opp arbeida no eller gjere omfattande endringar no i sluttfasen av prosjektet.

Med helsing  
Arne Abrahamsen  
kommunalsjef